

Sakliste - Årsmøte 2022

Møre og Romsdal folkemusikklag

Dato/tid: Laurdag 2. april kl 13.00

Stad: Vestnes Frivilligsentral + digitalt via Zoom

Sakliste:

1. **Registrering av deltakarar med stemmerett**
2. **Godkjenning av innkalling og sakliste**
3. **Velje møteleiar, referent og to til å skrive under protokollen**
4. **Godkjenning av årsmelding**
5. **Godkjenning av årsrekneskap**
6. **Godkjenning av budsjett og handlingsplan**
7. **Fastsetjing av lags- og medlemskontingent**
8. **Saker frå styret og medlemmane**
9. **Val av styre, revisor og valkomité**

1. **Registrering av deltakarar med stemmerett**

Antal utsendingar (med stemmerett) per medlemslag:

- Nordmøre Spelmannslag: 0
- Romsdal Spelemannslag: 1
- Rauma Spelmannslag: 1
- Spelemannslaget Dâm og Drag: 2
- Grendalaget: 0
- UL Ivar Aasen: 0
- Spelemannslaget Havella: 1
- Valldal Spelemannslag: 1
- Tressalaget: 0
- Direktemedlemmar: 0
- Styret: 6

Totalt antal deltakarar med stemmerett: 12

Antal observatørar utan stemmerett: 2

2. **Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Godkjent

3. **Velje møteleiar, skrivar og to til å skrive under møteboka saman med møteleiaren.**

Møteleiar: Thea Marie Ytterdal

Skrivar: Hanne Salthammer

Protokollunderskrivarar: Britt Elise Skram og Kjell Arne Nakken

4. Godkjenning av årsmelding

Vedlegg: *Årsmelding for 2021*

Vedtak: Godkjent

5. Godkjenning av årsrekneskap

Vedlegg:

- *Revidert rekneskap for 2021*
- *Revisormelding*

Vedtak: Godkjent.

6. Budsjett og handlingsplan

Vedlegg: *Framlegg til budsjett for 2022*

Vedtak: Budsjett tatt til vitande

Vedlegg: Handlingsplan 2022

Vedtak: Handlingsplana tatt til vitande

7. Fastsetjing lags- og medlemskontingent

Møre og Romsdal folkemusikklag er områdelag for alle lokallag som er medlem av FolkOrg i Møre og Romsdal. Laget opererer både med lags- og medlemskontingent.

- Lagskontingenten var i 2021 kr 600 per lag per år. Lagskontingent blir kravd inn av styret.
- Medlemskontingenten for vaksne medlemmar har vore kr 60 for vaksne medlemmar og kr 30 for born for 2021. Medlemskontingenten blir kravd inn av FolkOrg og refundert fylkeslaget i etterkant.

Vedtak:

Lagskontingent for 2022 kr 600.

Medlemskontingent kr 60 for vaksne og 30 for born

8. Saker frå styret og medlemmane

Ingen saker

9. Val av styre, revisor og valkomite

§5 – Val - «Styret er samansett av ein leiar og fire faste medlemmer med varamedlemmer. 1. varamedlem vert alltid innkalla til styremøte. Leiaren vert vald av årsmøtet for eitt år, styremedlemmene for to år, slik av minst to er på val kvart år. Dessutan vel årsmøtet for eitt år to varamedlemmer til styret, og to revisorar*. Det skal også veljast ei valnemnd på to personar, for eitt år, der ein vert vald som leiar. Dersom nokon av utsendingane krev det, skal vala skje skriftleg. Styret vel sjølv seg imellom nestleiar, skrivar og kasserar.»

Vedtak:

Styreleiar for eitt år: Kine Iselilja Gyldenskog (ny)

Styremedlem for to år: Hanne M. Salthammer (attval)

Styremedlem for to år: Arne Johnson (ny)

Styremedlem for eitt år: Ola M. Vestavik (ny)

Styremedlem ikkje på val: Brit Amdam

Varamedlem for eitt år: Anna L. S. Gjendem

Varamedlem for eitt år: Runa Tunheim

Valkomite for eitt år: Thea Marie Ytterdal

Valkomite for eitt år: Ingunn Linge Valldal

Revisor for eitt år: Hovden og Vatne statsautorisert revisorar AS

Protokoll godkjent dato:

Signatur:



Signatur:



Årsmelding 2021

Møre og Romsdal Folkemusikklag



1. Om Møre og Romsdal Folkemusikklag

«§ 1. Føremål

Møre og Romsdal Folkemusikklag skal arbeide for å fremje interessa for folkemusikk og folkedans. Laget skal dyrke og ta vare på dei lokale tradisjonane i spel, vokal folkemusikk og dans.

§ 2. Lagsoppgåver

Fylkeslaget skal:

- *Samordne arbeidet for folkemusikk og folkedans i samsvar med føremålet for organisasjonen,*
- *leggje tilhøva til rette for arbeidet i lokallaga*
- *medverke til å skippe nye lag - drive opplærings- og kursverksemd*
- *i samsvar med føremålet ivareta interessa andsynes fylkeskommunale styresmakter*
- *syte for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år*
- *drive innsamlingsarbeid og vere med i folkemusikkarkivets verksemd»*

2. Medlemsskap

I høve vedtektene er alle spelemannslaga i fylket som er med i FolkOrg også medlemmar av fylkeslaget. Landsmøtet til FolkOrg bekrefta dette gjennom vedtak i 2017.

Medlemslag (FolkOrg/MRFL)

- Nordmøre Spelmannslag
- Romsdal Spelemannslag
- Rauma Spelmannslag
- Spelemannslaget Dâm og Drag
- Grendalaget
- Spelemannslaget i Ungdomslaget Ivar Aasen
- Spelemannslaget Havella
- Valldal Spelemannslag
- Tressalaget

Samla antal medlemmar i Møre og Romsdal Folkemusikklag per 31.12.2021 var 196.
Antal personar under 26 år: 23

Kontingent

Fylkeslaget har både lags- og personmedlemmar.

Lagskontingenten i 2021 har vore kr 600.

Medlemsskap vaksen kr 60 og medlemsskap born kr 30. Personkontingenten blir kravd inn av FolkOrg og refundert til område- og lokallag.

3. Organisasjon

Styret

Leiar:	Thea Marie Ytterdal
Nestleiar:	Kine Iselilja Gyldenskog
Styremedlem:	Brit Amdam Hanne Moldver Salthammer Bodil Tessem
Vara:	Anna Liv Skjelten Gjendem Marius Berglund

Skrivar: Hanne Salthammer
Kasserar: Kine I. Gyldenskog
Rekneskapsfører: Sparebank1 Regnskapshuset.
Revisor: Hovden og Vatne statsautoriserte revisorar

Styret har hatt åtte møter og behandla 42 saker i 2021

4. Eigne arrangement

Fylkeskappleik 2021 - Surnadal

Fylkeskappleiken 2021 skulle arrangerast i Surnadal på Thon hotell. Arrangørslag Nordmøre Spelmanslag. Nok ein gong måtte vi avlyse fylkeskappleiken grunna pandemien.

Tradisjonskurs

Folkemusikklaget planlegg kvart år ei større kurshelg med undervisning i spel, vokal og dans. Hausten 2021 bestemte vi oss for å gjere tradisjonskursa digitale. Vi lagde ein serie på fire kurs som vi kalla for «digitale inspirasjonsstunder». Medlemmane kunne melde seg på ved å sende ei melding eller ein e-post til folkemusikklaget. Kursa vart arrangert gjennom tenesten «Zoom». Kvart kurs varte i 45 minuttar og hadde rundt 15 deltakarar i gjennomsnitt.

Kurs 1: «Frå innsamlingsferd til studio» med Arild Hoksnes

Kurs 2: «Tips og triks til folkemusikkarrangering» med Øystein Sandbukt

Kurs 3: «Songkurs» med Anne Sofie Linge Valdai

Kurs 4: «Felemakarens tips og triks» med Ole Gjerde

Sjokoladekappleik

Året 2021 skulle vere det første året sjokoladekappleiken vart arrangert to gonger - ein gong om våren og ein gong om hausten. Sjokoladekappleiken for våren skulle

MØRE OG ROMSDAL FOLKEMUSIKKLAG INVITERER TIL
DIGITAL INSPIRASJONSSTUND



30. SEPTEMBER KL. 19.00-19.45
Arild Hoksnes fortel om repertoarbygging i folkemusikk, frå innsamlingsoppsett med sjunder til eit repertoar som blir brukt til dans i platestudio m.m.

21. OKTOBER KL. 19.00-19.45
Øystein Sandbukt fortel og viser korleis han arbeider når han arrangerer folkemusikk for ulike besetningar m.m.

28. OKTOBER KL. 19.00-19.45
Anne Sofie L. Valdai held songkurs med utgangspunkt i jensvoldsamlinga, og med eit fokus på nye måtar å bruke stemma si på.

12. NOVEMBER KL. 19.00-19.45
Felemakar Ole Gjerde deler sine tips og triks, og gir oss eit innblikk i verkstaden sin.

arrangerast i Ørsta, men denne vart flytta til hausten pga. pandemien. Det vart dermed ingen sjokoladekappleik våren 2021. Søndag 7.november vart sjokoladekappleiken arrangert av VITI (Folkemusikkarkivet) på Ivar Aasen-tunet i Ørsta. Omlag 50 barn og unge var i aksjon under kappleiken. Øystein Hovland, Anne Marta Vinsrygg Vadstein og Trude Nordal var dommarar.

Landsfestivalen 2024

Folkemusikklaget i Møre og Romsdal søkte og fekk godkjent søknad på å arrangere Landsfestivalen i 2024. Arrangementet vil finne stad i Romsdal. Det vart i søknadsprosessen oppretta ei arbeidsgruppe med 5 medlemmar til planlegging og startprosessar. Denne gruppa vil etterkvart verte større.

Spelemannslaget Havella 30 år

Spelemannslaget Havella hadde 30-års jubileum i 2021. Dette vart markert med brask og bram i Fosnavåg konserthus laurdag 13.november. Med Andrine Longva Kopperstad i ledelsen har Havella oppforstra mange gode musikantar, samt gitt oss mange gode opplevingar opp igjennom åra! Folkemusikklaget gratulerer nok ein gong, og håper det vert 30 nye år med gode samarbeid og godt samspel.

5. Samarbeid med Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal

Sekretærstilling / Kjøp av tenester

Styret har sidan 2016 kjøpt tenester frå Folkemusikkarkivet i Viti. Ordninga er stadfesta via ei rammeavtale som signerast årleg. Oppgåvene som skal utførast er beskrive i styret sitt årshjul og er mykje knytt opp mot MRFL sine arrangement som kurs og kappleik. Timeomfanget har ligge på mellom 30-50 timar i året.

Samarbeidsmøte med ungdomslaga

FAMR gjennomførte to samarbeidsmøter mellom folkemusikklaget, ungdomslaga (NUMØR) og trekkspelforbundet (NTL). Hensikta med møta er å betre kommunikasjonen mellom spel- og danselag og skape ein plattform for tettare samarbeid kring arrangement og prosjekt. På møta blir det ma. informert om laga sine planer for arrangement og ein planlegg ulike samarbeidsprosjekt.

#MORO – Felleslag ved kappleik utanfor fylket

Planlagt arrangement - avlyst grunna pandemi.

Ungdomssamling

Eit viktig samarbeidsprosjekt for folkemusikklaget er ungdomssamlingane «Raudan Gull». Hensikta med arrangementa er å samle ungdom frå ulike stader i fylket for å skape samhald og miljø for å halde på med folkemusikk. Kursar tilbyr kurs og undervisning av høg kvalitet og mange kjekke opplevingar for born og unge.

Raudan Gull 5 vart vidareført frå 2020 – då vart prosjektet utsett pga. pandemien. Fokusområdet for prosjektet var Gjemnes og Sunndal. Sturla Eide, Øystein Sandbukt, Gro Kjelleberg Solli og Kirsty McKinnon var instruktørar.

Planen var at «Raudan Gull 5» skulle gjennomførast med to samlingar i Kleivehallen 19.-21.november (2021) og 2.-4. februar (2022), men på grunn av lite påmelding og ein pandemi som trua med utbrot, bestemte folkemusikklaget, folkemusikkarkivet og ungdomslaga seg for å avlyse prosjektet.

Folkepedia

Folkepedia er eit nasjonalt prosjekt i Noregs Ungdomslag der det vert laga danseopplæringsfilmar innan folkedans. Ordet Folkepedia er samansett av folke for folkedans, og pedia som både spelar på pedagogikk og wikipedia. I Møre og Romsdal har ungdomslag, leikarringar og skular bidrege til 50 av filmene i prosjektet. Gjennom Folkepedia skal barn og unge formidle dans til andre i same målgruppe. Vi kallar dette ung til ung-formidling. Gjennom læringsfilmar og inspirasjonsfilmar vil Folkepedia vera ein inspirasjon og ressurs for danseopplæring med folkedans.

Organisasjonane Noregs Ungdomslag, Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag, Møre og Romsdal folkemusikklag og Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal med stønad frå Møre og Romsdal fylkeskommune gjekk saman om eit treårig filmprosjekt i Møre og Romsdal. I 2016-2021 har det vorte laga heile 50 filmar i Møre og Romsdal. Filmane viser lokale dansar eller dansar som er mykje nytta i fylket. I 2021 vart det gjort opptak av 11 filmar. Medverkande: Romsdalsmuseets leikarring og Hornindal spelemannslag.



Frå filmpremiere på Romsdalsmuseet. Henta frå facebook: Folkemusikk i Møre og Romsdal

Sommerkurs

Folkemusikklaget og Folkemusikkarkivet gjennomførte til saman to kurs, eit i Vestnes og eit i Herøy. Kurset i Sunndal/Surnadal vart avlyst grunna anna liknande arrangement. Vi prøvde å få til alternative kurs andre stader i fylket, men desse to kursa vart avlyst grunna korona. Vi hadde 9 deltakarar på kurset i Herøy og 10 deltakarar på kurset i Vestnes. Begge kursa vart arrangert i samarbeid med dei lokale spelemannslaga. Thea Marie Ytterdal var instruktør på kurset i Herøy og Kristina Farstad på kurset i Vestnes. Anna Gjendem frå Folkemusikkarkivet lærte deltakarane nokre dansar og var med som hjelpar på fele under kurset i Vestnes.

Internett

Facebooksida «Folkemusikk i Møre og Romsdal» driftast av FAMR i samarbeid med MRFL. På sida samler ein informasjon om ulike arrangement og relevant informasjon som dei 1216 følgjarane får med seg.

MRFL har også eigne heimesider som blir drifta av styret i samarbeid med FAMR.

6. Deltaking i styrer, møter og forsamlingar

Møre og Romsdal Musikkråd

Marius Berglund er fast styrerepresentant. Hanne Salthammer er vararepresentant.

7. Utdelt økonomisk stønad

Styret i Møre og Romsdal folkemusikklag har gitt økonomisk stønad i 2021:

- NTL Møre og Romsdal: Tilskot på kr. 5000
- Folkemusikkarkivet i Viti: Tilskot på kr. 10.000 til sjokoladekapleik


8. Tildelt økonomisk stønad

MRFL har i 2021 fått økonomisk stønad frå følgande aktørar:

- Møre og Romsdal fylkeskommune - Treårig driftstilskot på kr 100.000
- Sparebanken Møre – støtte til FK og DM på kr 30.000,-
- Folkorg – aktivitetsmidlar på kr 7.000
- Norsk senter for folkemusikk og folkedans – støtte til fire digitale kurs på kr 12.000

Styret stadfester at framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av årsmelding og årsrekneskapen for 2021.


Styret, 08.03.2022



Thea Marie Ytterdal



Kine Iselilja Gyldenskog



Bodil Tessem



Hanne M. Salthammer

Brit Amdam

Brit Amdam

**Årsregnskap 2021
for
Møre og Romsdal Folkemusikklag**

Organisasjonsnr. 975854876

Resultatregnskap

	Note	2021	2020
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Tilskudd	1		
3000 Kontingent medlemslag		4 200	2 400
3001 Kontingent medlemslag forrige å		0	(1 200)
3002 Kontingentrefusjon fra FolkOrg		9 210	17 299
3130 Tilskot M & R		102 520	100 000
Sum Tilskudd		115 930	118 499
Annen driftsinntekt	1	43 203	10 000
Sum driftsinntekter		159 133	128 499
Driftskostnader			
Annen driftskostnad	2		
6300 Leie lokaler		350	(12 280)
6553 Programvare årlig vedlikehold		6 820	0
6700 Revisjonshonorar		9 125	9 000
6705 Regnskapskostnad		16 374	7 883
6720 Honorar Folkemusikkarkivet		29 350	17 625
6721 Korreksjon fra 2018		0	(13 125)
6860 Møter, kurs, oppdatering o.l		20 000	0
7321 Heimeside		2 115	2 115
7323 Tilskot sommerkurs barn		7 000	0
7420 Tilskot kappleikar		10 000	10 000
7421 Gaver		0	10 445
7422 Tilskot Raudan Gull		0	65 000
7600 Møtekostnader		0	470
7770 Bankkostnader		81	93
Sum Annen driftskostnad		101 215	97 226
Sum driftskostnader		101 215	97 226
DRIFTSRESULTAT		57 918	31 273
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		0	26
Sum finansinntekter		0	26
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		1 211	71
Sum finanskostnader		1 211	71
NETTO FINANSPOSTER		(1 211)	(45)
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		56 707	31 228
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
ORDINÆRT RESULTAT		56 707	31 228
ÅRSRESULTAT		56 707	31 228
OVERF. OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital		56 707	31 228

Resultatregnskap

	Note	2021	2020
SUM OVERF. OG DISP.		56 707	31 228

Balanse pr. 31.12.2021

	Note	31.12.2021	31.12.2020
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Varige driftsmidler			
Instrumenter	3	3	3
Sum varige driftsmidler		3	3
SUM ANLEGGSMIDLER		3	3
OMLØPSMIDLER			
Fordringer			
Kundefordringer		0	25 000
Sum fordringer		0	25 000
Bankinnskudd, kontanter o.l.		176 212	93 086
SUM OMLØPSMIDLER		176 212	118 086
SUM EIENDELER		176 215	118 089
 EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		174 796	118 089
Sum opptjent egenkapital		174 796	118 089
SUM EGENKAPITAL		174 796	118 089
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		1 419	0
SUM KORTSIKTIG GJELD		1 419	0
SUM GJELD		1 419	0
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		176 215	118 089

Vestnes ____/____ 2022
 Styret i Møre og Romsdal Folkemusikklag

 Thea Marie Ytterdal
 Styreleiar

 Kine Iselilja Gyldenskog
 Styremedlem

 Brit Amdam
 Styremedlem

 Hanne Moldver Salthammer
 Styremedlem

 Bodil Tessem
 Styremedlem

Noter 2021

Regnskapsprinsipper:

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Omløpsmidler

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter siste dag i regnskapsåret, samt eiendeler som ikke er bestemt til varig eie og bruk. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og antatt virkelig verdi (Laveste verdis prinsipp).

Anleggsmidler og langsiktig gjeld

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk for virksomheten. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler føres opp i balansen og avskrives lineært over driftsmidlets forventede økonomiske levetid. Levetid fremkommer av de avskrivningssatsene som er angitt i noteopplysningene. Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som forventes ikke å være av forbigående art. Langsiktig gjeld er gjeld som forfaller senere enn ett år etter siste dag i regnskapsåret.

Inntektsføring

Inntektsføring skjer på opptjeningstidspunktet.

Noter 2021

Note 1 - Tilskudd

Tilskudd

Følgende tilskudd er mottatt i 2021:

Møre og Romsdal Fylkeskommune	<u>102.520</u>
	102.520
ForlkOrg	
- Stimuleringsordning	1.203
- Aktivitetstilskudd	<u>7.000</u>
	8.203
Norsk Senter for folkemusikk og folkedans	
- Tilskudd mai	13.000
- Tilskudd desember	<u>12.000</u>
	25.000
Sparebanken Møre	
- TEFT-midler	10.000
Totalt mottatt	<u>145.723</u>

Note 2 - Lønnskostnad

Lønnskostnad, antall ansatte/årsverk, godtgjørelser etc

Det er ingen ansatte i Møre og Romsdal Folkemusikklag og det er heller ikke utbetalt honorar til medlemmer i styret.

Revisor

Det er bokført kostnader på kr. 9125,- inkl mva til revisjon i 2021.

Note 3 - Eiendeler

Avskrivninger

Instrumenter er avskrevet til kr 3,- tidligere år.

Kontonr.	Kontonavn	Inngående	Postering	Saldo 2021	Saldo 2020
1210	Instrumenter	3,00	0,00	3,00	3,00
Transportmidler, inventar og maskiner		3,00	0,00	3,00	3,00
1500	Kundefordringer	0,00	0,00	0,00	25 000,00
Kortsiktige fordringer		0,00	0,00	0,00	25 000,00
1920	Bankinnskudd Nordea 6562.05.166	0,00	0,00	0,00	1,02
1930	Bankinnskudd SBM 3910.65.83742	176 212,03	0,00	176 212,03	93 084,80
Betalingsmidler		176 212,03	0,00	176 212,03	93 085,82
2050	Annen egenkapital	-118 088,82	-56 707,14	-174 795,96	-118 088,82
EGENKAPITAL		-118 088,82	-56 707,14	-174 795,96	-118 088,82
2400	Leverandørgjeld	-1 419,07	0,00	-1 419,07	0,00
KORTSIKTIG GJELD		-1 419,07	0,00	-1 419,07	0,00
3000	Kontingent medlemslag	-4 200,00	0,00	-4 200,00	-2 400,00
3001	Kontingent medlemslag forrige å	0,00	0,00	0,00	1 200,00
3002	Kontingentrefusjon fra FolkOrg	-9 210,00	0,00	-9 210,00	-17 299,00
3130	Tilskot M & R	-102 520,00	0,00	-102 520,00	-100 000,00
3400	Gavemidler/tilskudd	-43 203,00	0,00	-43 203,00	-10 000,00
Driftsinntekter		-159 133,00	0,00	-159 133,00	-128 499,00
6300	Leie lokaler	350,00	0,00	350,00	-12 280,00
6553	Programvare årlig vedlikehold	6 820,23	0,00	6 820,23	0,00
6700	Revisjonshonorar	9 125,00	0,00	9 125,00	9 000,00
6705	Regnskapskostnad	16 374,07	0,00	16 374,07	7 883,00
6720	Honorar Folkemusikkarkivet	29 350,00	0,00	29 350,00	17 625,00
6721	Korreksjon fra 2018	0,00	0,00	0,00	-13 125,00
6860	Møter, kurs, oppdatering o.l	20 000,00	0,00	20 000,00	0,00
7321	Heimeside	2 115,00	0,00	2 115,00	2 115,00
7323	Tilskot sommerkurs barn	7 000,00	0,00	7 000,00	0,00
7420	Tilskot kappleikar	10 000,00	0,00	10 000,00	10 000,00
7421	Gaver	0,00	0,00	0,00	10 445,00
7422	Tilskot Raudan Gull	0,00	0,00	0,00	65 000,00
7600	Møtekostnader	0,00	0,00	0,00	470,00
7770	Bankkostnader	80,60	0,00	80,60	93,00
Andre driftskostnader		101 214,90	0,00	101 214,90	97 226,00
8050	Renteinntekter	0,00	0,00	0,00	-26,10
Finansinntekter		0,00	0,00	0,00	-26,10
8150	Rentekostnader	0,00	0,00	0,00	0,13
8155	Rentekostnad leverandørgjeld	1 210,96	0,00	1 210,96	71,29
Finanskostnader		1 210,96	0,00	1 210,96	71,42
8960	Overføringer annen egenkapital	0,00	56 707,14	56 707,14	31 227,68
Disponering av årsresultat		0,00	56 707,14	56 707,14	31 227,68
TOTAL		0,00	0,00	0,00	0,00

Balanse pr. 31.12.2021

	Note	31.12.2021	31.12.2020
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Varige driftsmidler			
Instrumenter	3	3	3
Sum varige driftsmidler		3	3
SUM ANLEGGSMIDLER		3	3
OMLØPSMIDLER			
Fordringer			
Kundefordringer		0	25 000
Sum fordringer		0	25 000
Bankinnskudd, kontanter o.l.		176 212	93 086
SUM OMLØPSMIDLER		176 212	118 086
SUM EIENDELER		176 215	118 089
 EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		174 796	118 089
Sum opptjent egenkapital		174 796	118 089
SUM EGENKAPITAL		174 796	118 089
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		1 419	0
SUM KORTSIKTIG GJELD		1 419	0
SUM GJELD		1 419	0
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		176 215	118 089

Vestnes 2 / 4 2022
Styret i Møre og Romsdal Folkemusikklag

Thea Marie Ytterdal
Thea Marie Ytterdal
Styreleiar

Kine Iselilja Gyldenskog
Kine Iselilja Gyldenskog
Styremedlem

Brit Amdam
Brit Amdam
Styremedlem

Hanne M. Salthammer
Hanne Moldver Salthammer
Styremedlem

Bodil Tessem
Bodil Tessem
Styremedlem

Til årsmøtet i
Møre og Romsdal Folkemusikklag

Melding frå uavhengig revisor

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Side 1 av 2

Konklusjon

Vi har revidert **Møre og Romsdal Folkemusikklag** sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 56.707. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021 og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er skildra under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standard Boards for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

ØRSTA:	EID:	STRYN:
Ivar Aasengt. 10, Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00	Øyane 11, Postb. 315, 6772 Nordfjordeid Tlf.: 57 88 64 16	Tonningsgt. 42, 6783 Stryn Tlf.: 48 44 07 30


Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare skildring av revisor sine oppgåver og plikter vert det vist til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Ørsta, 02.04.2022

Hovden & Vatne statsautoriserte revisorar AS



Arild Rafshol
Statsautorisert revisor

Handlingsplan - Årsmøte 2022

Møre og Romsdal folkemusikklag

Målsetting (frå vedtektene)	Aktivitetar 2022:
<i>Samordne arbeidet for folkemusikk og folkedans i samsvar med føremålet for organisasjonen,</i>	Styret deltek på samarbeidsmøter med Folkemusikkarkivet (FAMR), Ungdomslaga og NTL MRFL arrangerer fylkeskappleik i samarbeid med NTL (Fylkeskappleik + Distriktmesterskap) Halde fram samarbeidet med Folkemusikkarkivet i høve kjøp av arbeidstimar Organisere felleslag til tevlingar utanfor fylket gjennom prosjektet #MORO
<i>Leggje tilhøva til rette for arbeidet i lokallaga</i>	MRFL tilbyr hjelp til arrangør av Sjokolade- og Fylkeskappleik (finne dommarar/administrere påmelding etc.) Vere bindeledd mellom lokallaga og FolkOrg
<i>Medverke til å skipe nye lag Drive opplærings- og kursverksemd</i>	Arrangere Tradisjonskurs i samarbeid med Folkemusikkarkivet for MR Tilby økonomisk stønad til deltakarar på dommarkurs i regi av FolkOrg Tilby økonomisk stønad til deltakarar på sommarkurs (td. Mokurs,Strunkeveka) Samarbeide med FAMR om evt. skiping av nye lag Samarbeide med FAMR om oppfølging av eksisterande lag Samarbeide med FolkOrg om oppfølging av eksisterande lag Freiste rekruttere fleire medlemmar til FolkOrg (kappleiksdeltakarar etc.) Arrangere og legge til rette for kurs i eldre folkemusikkinstrument MRFL ønsker å profesjonalisere rekrutteringa, gjerne i samarbeid med kulturskulane i Møre og Romsdal
<i>I samsvar med føremålet ivareta interessa andsynes fylkeskommunale styresmakter</i>	Delta på møter og konferansar i regi av MRFK (td. FrivilligForum) Rapportere drift til fylkeskulturavdelinga – føresetnad for 3-årig driftstilskot MRFL fordeler kappleikstilskot på vegne av MRFK Delta på Landsmøtet til FolkOrg Delta på områdelagsmøter i regi av FolkOrg MRFL søker gåve- og prosjektmidlar hos andre aktørar (sparebank, forsikring, RFF, KOMP)
<i>Syte for at det vert skipa til fylkeskappleik kvart år</i>	Arrangere Sjokoladekappleikar to gonger årleg (vår og haust) saman med lokale arrangørar Arrangere fylkeskappleik kvart år saman med lokal arrangør
<i>Drive innsamlingsarbeid og vere med i folkemusikkarkivets verksemd</i>	MRFL har oppretta ein budsjettpost på kr 10.000 for stønad til publikasjonar og utgivingar Støtte innsamlingsarbeid og publikasjonar i regi av FAMR

BUDSJETT 2022

	Res. 2019	Res. 2020	Res. 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
SALGS- OG DRIFTSINNTEKT						
3000 Kontingent medlemslag	-4 200,00	-1 200,00	-4 200,00	-4 400,00	-5 000,00	-6 000,00
3001 Kontingent medlemslag forrige	-1 200,00	0,00	0,00	0,00	0	0
3002 Kontingentrefusjon frå FolkOrg	-10 650,00	-17 299,00	-9 210,00	-10 000,00	-15 000,00	-17 000,00
3111 Tilskot Rff - prosjektmidler	0,00	0,00	-25 000,00	-10 000,00	-15 000,00	-20 000,00
3113 Tilskot KOMP Norsk Musikkråd	0,00	0,00	0,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00
3114 Folkorg - stimuleringsordning	0,00	0,00	-1 203,00	0,00	0,00	0,00
3115 Folkorg - aktivitetsmidler	0,00	0,00	-7 000,00	0,00	0,00	0,00
3130 Tilskot frå Møre og Romsdal Fy	-100 000,00	-100 000,00	-102 520,00	-105 000,00	-105 000,00	-105 000,00
3491 Kursavgift Tradisjonskurs	-6 800,00	0,00	0,00	-9 000,00	-11 000,00	-15 000,00
3400 Gavemidler Sparebanken Møre	0,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00
3500 Sponsorinntekter	0,00	0,00	0,00	-15 000,00	-15 000,00	-20 000,00
Tilbakebetaling - underskuddsgaranti Raudan G	0,00	0,00	0,00	-34 000,00	0,00	0,00
3900 MOMSKOMPENSASJON	-9 413,00	0,00	0,00	-10 000,00	-10 000,00	-10 000,00
SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT	-132 263,00	-128 499,00	-159 133,00	-217 400,00	-196 000,00	-213 000,00
ANNEN DRIFTSKOSTNAD						
6300 Lokalleie	13 030,00	-12 280,00	350,00	13 000,00	15 000,00	15 000,00
6700 Rekneskapskostnad	2 400,00	7 883,00	16 374,00	15 000,00	10 000,00	8 000,00
6720 Honorar FOLKEMUSIKKARKIVET	35 625,00	4 500,00	29 350,00	40 000,00	40 000,00	50 000,00
6790 Annen fremmed tjeneste, revisj	8 875,00	9 000,00	9 125,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
6800 Kontorrekvisita	473,00	0,00	0,00	2 000,00	2 000,00	2 000,00
6941 Porto	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0
7160 Diettkostnader, ikke oppgavepl	0,00	0,00	0,00	5 000,00	7 000,00	8 000,00
7170 Reiseutlegg	8 453,00	0,00	0,00	12 000,00	13 000,00	15 000,00
7171 Andre kurskostnad	10 000,00	0,00	15 000,00	10 000,00	10 000,00	12 000,00
7320 Annonser	0,00	0,00	0,00	4 000,00	5 000,00	6 000,00
7321 Heimeside www.folkemusikklag.n	2 115,00	2 115,00	2 115,00	3 000,00	3 000,00	3 000,00
7322 Tilskot Folkepedia (tid."Favor	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0
7323 Tilskot deltaking på sommarkurs	3 000,00	0,00	7 000,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
7420 Tilskot til kappleikar	20 000,00	10 000,00	10 000,00	30 000,00	30 000,00	30 000,00
7425 Tilskot Raudan Gull	0,00	65 000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
7421 Gaver (inkl. tilskot publikasjonar)	2 430,00	10 445,00	5 000,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
7430 #MORO	2 500,00	0,00	0,00	43 400,00	19 000,00	22 000,00
7500 Forsikringspremier	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0
7600 Møtekostnader	2 870,00	470,00	0,00	3 000,00	4 000,00	4 000,00
7770 Bank- og kortgebyr	118,00	93,00	81,00	2 000,00	3 000,00	3 000,00
7790 Diverse kostnader	0,00	0,00	6 820,00	5 000,00	5 000,00	5 000,00
SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD	111 889,00	97 226,00	101 215,00	217 400,00	196 000,00	213 000,00

Årsmøte MRFL 2022 – valkomiteen sitt framlegg

Styreleder:

Kine Iselilja Gyldenskog (ny, 2022)

Styremedlem:

Brit Amdam (ikkje på val, 2022)

Arne Johnson (ny, 2022-2023)

Hanne Salthammer (attval, 2022-2023)

Ola Vestavik (ny, 2022)

Vara:

Anna Gjendem (attval, 2022)

Runa Tunheim (ny, 2022)